



Rabben Camping har tømmeplass, men den er berre for dei som overnattar der. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er i dag tømmeplassar for toalettavfall frå campingvagnar og bubilar ved Rabben feriesenter og Enes camping, men desse plassane er for dei som overnattar der og ikkje for almenta. Difor bør det etablerast ein tømmestasjon i kommunen, held Miljøretta helsevern fram i eit brev til ordføraren.

Kommunelege Oddvar Larsen og ingeniør Knut Evjen ber om eit møte for å få ordføraren sitt syn på saka og vidare framdrift for etablering av ein slik tømmestasjon, som vil vera eit positivt tilbod for turistane i kommunen,

Turistkontoret får ofte førespurnader om ein har tømmestasjon for toalettavfall. Det er trong for ein slik stasjon for å redusera ureininga som følgje av denne ferieformen.

Problema er først og fremst knytt til bubilar og "grøftcamping" på rasteplassar langs riksvegar og på stølsvegar etc. Toalettavfall inneber ein potensiell smitteveg og ureiningsfare for vassdrag og nærmiljø, held Larsen og Evjen fram.

Kommunen har eit ansvar for å sørge for nødvendige mottaksanlegg for kloakk frå bubilar

Av Ola Matti Mathisen